

Tilleggsinformasjon til saksnummer: 2020/70953

Viser også til vedlegg. Meir informasjon finn de også her. <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

Det me ber om, er eit likeverdig ferjetilbod, som eit landfast samband med halvparten så mykje trafikk, som Hufthamar – Krokeide har i dag.

Dette åleine ved sidan av at Austevoll ikkje er landfast og stengjer 22:35 ut av kommunen, er meir enn nok til å gje Hufthamar – Krokeide, det tilbodet me ber om. Det er ikkje godt nok å skylda på økonomi. Austevoll har ikkje alternative køyreruter.

Her kjem fleire argument frå oss og Helge Hopen AS:

Utbygging av Austevoll laksepakkeri med kostnadsberekna til kr. 500 000 000.-

Auke sal av laks frå kr. 1 750 000 000.- i dag til det tredoble etter utbygging.

Auke i talet på tilsette frå 150 til mellom 250 – 300.

Austevoll er den mest folkerike kommunen i landet utan fastlandsforbindelse.

Desse kommunane rundt oss, er over tid blitt landfast: Sveio, Stord, Fitjar, Bømlo, Tysnes, Øygarden, Sund, Sotra, Askøy og heile Nord Hordaland.

Austevoll har også, heilt andre transport utgifter er dei nemnde kommunane over.

Uavhengig rapport av Sivilingeniør Helg Hopen frå 2015:

- **Ferjetilbodet (frekvens) på Krokeide – Hufthamar ligg i dag vesentleg lågare enn på andre ferjesamband i fylket med tilsvarande trafikkmengd. Trafikken på desse sambanda har alternative køyreruter. Det har ikkje Austevoll.**
- **Austevoll har hatt ein vekst på 10% i folketalet dei siste 5 åra, og innbyggjartalet er venta å stige ytterlegare 30% dei neste 15-20 åra.**
- **Austevoll har eit næringsliv som har høgast verdiskaping pr. sysselsett i Hordaland og som ligg 62% høgare enn landsgjennomsnittet. Innpendlinga til kommunen har auka med gjennomsnittleg 11% kvart år sidan år 2000.**
- **Medan trafikkveksten på vegnettet i Hordaland har auka med ca. 7 % dei siste 6 åra, har trafikkauken på sambanda til Austevoll auka med 19% (Krokeide-Hufthamar) og 27% (Husavik-Sandvikvåg).**
- **Utviklinga i folketal, næringsutvikling og pendling tydar på at veksten vil halde fram i åra som kjem.**

Sidan denne rapporten kom, i 2015, har trafikk auka vore størst i Austevoll.

2018 tall:

Skjersholmane – Ranavik, har halvparten av trafikken som Hufthamar – Krokeide.

Årsnes – Gjermundshamn, går med 3500 tomme ferjer i året, tar ein med Varaldsøy er talet 7000 tomme ferjer. Korleis kan ein tillata seg å snakka om dårleg økonomi? Dei er også landfast på begge sider av fjorden. 2 timar til Hardangerbrua frå Gjermundshamn. Det er 1 time og 40 minutt og køyre frå Årsnes til Hardangerbrua. I tillegg til dette går det altså ferjer heile natta.

2 andre saker, som fortel mykje. (Dette skal me ikkje jobba med no, men høyrer til i det store bildet.)

I 13 år har me venta på at Skyss skal justera prisane på hurtigbåt, som i dag varierer 400 %, Hufthamar – Flesland kr. 219.- Bergen – Knarvik kr 54.- Dette for same segla distanse, 22 minutt.

[Takstsonkartet](#) for Hordaland, her er Austevoll einaste kyst kommunen som ikkje i praksis kan reise gratis inn i ei anna sone. Me er i sone med Tysnes og Fusa, men det går jo ikkje transport til lands elle vanns, den vegen, korleis er dette mogeleg? Eg trudde dette var ein spøk første gang eg såg det.

Min påstand, etter mange samtaler med politikarar, Samferdsledepartementet, Skyss og andre er som følger:

Skyss, HFK og no Vestland ser ut til å mangla retningslinjer for drift av ferjer, dette skal og må ikkje gå ut over Austevoll.

Me forventar at bedriftene i Austevoll og folka som bur i Austevoll, får det dei har krav på, og at de tar tak i dette.

Med vennleg helsing:

Tore Hufthammer

Hufthamar 60

5392 Storebø

94132750

tore@hufthamar.no

www.hufthamar.no